



UKM 09/21 Fokussak UKM 2022

Denne saka har opphav i UKM-sak 06/10. Vedtak frå denne saka lyd:

Kartlegginga syner at det kan vere vanskeleg å organisere UT i bispedøma slik at dette står i ein naturleg samanheng med UKM, og at ei viss samkøyring av saker hadde vore ønskjeleg. UKM vil derfor be Ufung om å prøve følgjande modell for og gje UT høve til å handsame sakene før dei sender sine delegater til UKM: På det aktuelle UKM lanserast eit tema som blir sak på det påfølgjande årets UKM. Denne saka tar UR attende til UT som får frie tyglar med tanke på korleis dei handsamar temaet. Handsaminga og vedtaket-/a blir sendt til Ufung før ferdigstilling av sakspapira til UKM. Viss mogleg ønskjer UKM at dette blir ein sak som skal på kyrkjemøtet. UKM bed Ufung leggje til rette for at val av tema blir ein prosess der det regionale leddet involverast og har medråderett.

Den norske kyrkjas ungdomsutval legg fram tre tema som UKM 2021 kan ta stilling til som fokussak for UKM 2022. Det er og mogleg for delegatane på UKM å fremje alternative tema, med ein kort tekst som seier litt om retning og hovudinnhald i saka.

1. Arbeidet til kyrkja med forbruk og rettferd

Etter ein sommar med meir ekstremvêr, FN som roper 'kode raud for menneskja', eit Stortingsvalg der klima var ein heilt nødvendig og sentral del av debatten, eit kommande Kirkemøte med ei klimasak og dessutan eit UKM der klima er sette på agendaen er det tydeleg at engasjementet for å redda kloden frå ekstrem oppvarming er stor. Lenge har unge, gjennom skulestreikar rundt om i heile verda, bedt om at leiarane i verda må ta ansvar og handla på vegner av nasjonar for å kunna hindra dei verste scenarioa som blir førespeglia viss temperaturen på jorda fortset å auka. Korleis jobbar vi i kyrkja konkret med klima? Kva kan vi gjera som kyrkje og som enkeltpersonar? Korleis kan vi handla meir berekraftig, og kva må vi faktisk ofra for å kunna verna om skaparverket? UKM ønsker med denne saka å kunna inspirera og motivera til å vera handlekraftig òg i det daglege som enkeltperson og som kyrkje og vise nødvendigheita av at alle må bidra.

2. Likestilling, mangfald og rasisme

Det siste året har det komme to viktige rapportar om arbeidsmiljøet i kyrkja. Det var vore gjennomført ei arbeidslivsundersøking om LHBT-spørsmål blant tilsette i Den norske kyrkja, som resulterte i rapporten «Å vera ei sak – LHBT+: Arbeidsmiljø og haldningar i Kyrkja» (Fafo-rapport 2020:20). Ei tilsvarende undersøking har vore gjort knytt opp til korleis kvinner opplever arbeidstilhøvet sitt (Rambøll, 2021). Begge rapportane peikar på fleire utfordringar knytte til arbeidsmiljøet i kyrkja og som det er viktig at vi som kyrkje jobbar med. Mellom anna kjem det fram at 1 av 5 med LHBT-identitet har opplevd diskriminering i Den norske kyrkja og ein høg del kvinner har opplevd uønskte hendingar basert på at dei er kvinnelege prestar. Kva tiltak kan vi som kyrkje gjera for å møta desse utfordringane?

3. Trusopplæring i ei ny tid

I år er det over 20 år sidan trusopplæringreforma vart greidd ut i NOU 2000:26, og starten på trusopplæring slik vi kjenner han i dag. Det har skjedd mange endringar





sidan då, og derfor er det no sett ned eit utval som skal greia ut både innhald og organisering av trusopplæringa

slik han er i dag. Slik prosessen er no, ligg det an til at det kan fremmast ei sak til Kyrkjemøtet 2023. Det blir ekstra viktig at stemmene til unge blir med i arbeidet med evalueringa og forslaga til revideringa, nettopp fordi mange av medlemmane i ungdomsdemokratiet har fått vera med som deltagarar på ulike trosopplæringstiltak dei siste tjue åra. La oss si meininga vår for dei tjue neste!



DEN NORSKE KIRKE
Ungdommens kirkemøte 2021